

## Utøvarstudentar i Tradisjonsdans fornyar tradisjonen

Onsdag og torsdag denne veka (9. og 10. mai 2012) viste NTNU-studentane som er midt i 20-åra at tradisjonsdansen inspirerer til kreativitet og utforsking for nye generasjonar. I den første av to avsluttande eksamenar sette dei reine tradisjonsdansar inn i ei kunstnarisk ramme som overraska, utfordra og rørde publikum. Med seg hadde dei avgangsstudentane ved Tradisjonsmusikkstudiet ved Ole Bull Akademiet.

Ekstern sensor Bert Persson frå Dans och Cirkushögskolan uttalte på dansefesten etter eksamen: «Jag är glad över att få se starka kvinnor på dansgolvet som har fått utveckla sitt dansande, och som tar plats. Detta lovar godt för framtiden».

Anna Gjendem heldt ei konsertforestilling der ho førte oss inn i hennar personlege dansefavorittar, og fortalte oss med begeistring og glede kvifor akkurat desse dansane betydde noko for henne. Ho utforska dei små detaljar og opna opp augene for publikum for ja, nettopp detaljane.

Danseforestillinga hadde namnet: «Hvis du ikke bestemmer deg for neste skritt, blir du stående hele livet på et ben. - Det er mange skritt i en dans, i en favorittdans er det enda flere. Jeg ønsker å vise åtte av mine favoritter - det blir mange skritt, det!»

Mathilde Øverland inviterte til paljettar og fest. Ho søkte inspirasjon i tradisjonsdansen sine ulike funksjonar, og korleis han tener til å knyta relasjonar. Ho laga eit frodig konsept der ho knyta saman discohalling og likvakedans i solo og pardans: «Då ho bad om flyt, undra eg over bølgene som kolva båten. -Ei samling tradisjonsdansar pakka inn i ei vakker, men absurd ramme som saman fortel fleire aspekt ved relasjonar og opplevinga av å være eit (dansande) menneske.»

Torill Steinjord var i havet, saman i havet, i bølgene, i melankolien, i det repetative og meditative. Tradisjonsdansen frå Nord-Noreg vart synt fram med stor variasjonsbreidde kor dansekroppane hakka, duva, spruta, bølga og brøyt saman med havet som vart projisert på veggjar og golv på scena i danseforestillinga «Eg vassar til livet – om å bryte grensene for kva ein trur ein kan og kor langt ein vågar å gå».

Inga Myhr let seg inspirera av dikt frå heimstaden sin, og klarte å veva saman dikt og dans på ein måte som heldt publikum i ande. Ho baud på ei musikalsk oppleving der fortid, notid, sal, scene, tonar og eit mangfaldig danseuttrykk vart knyta saman i førestillinga si som ho kalla: «TID - Ei forstilling der dans, musikk og tekst tar tida i betraktning».

Dei er det første kullet nokon sinne som i løpet av våren vert uteksaminerte som utøvande dansarar i norsk tradisjonsdans. Studiet har som mål å utdanna tradisjonsdansarar på eit godt kunstnarleg og tradisjonsfagleg nivå til arbeid i skjæringspunktet mellom tradisjonskunst- og det frie dansefeltet. Dette unike studietilbodet med 4 eksklusive studentar har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Ole Bull Akademiet og NTNU. Studiet er eit ledd i profesjonaliseringa av tradisjonsdansen i Noreg, og utheving av tradisjonsdansen som ein kunstart i seg sjølv. **Den siste avsluttande eksamen for BA-studentane er førestillinga «før etterpå»:**

**Torsd 31. mai kl 19.00 i Verkstedhallen, Trondheim.**

[www.ntnu.no/musikk](http://www.ntnu.no/musikk)

[dansevitskap@hf.ntnu.no](mailto:dansevitskap@hf.ntnu.no)